
Fra: Siv Marøy <siv.maroy@icloud.com>
Sendt: tirsdag 5. november 2019 12.56
Til: Postmottak Radøy
Emne: Frivillighetsprisen 2019

Kandidat til årets frivillighetspris i Radøy:

I ei årrekke har Stein Paulsen dirigert Hordabø skulemusikklag. Fra å være eit korps som sleit med låg rekruttering er no korpset eit velfungerande generasjonskorps, sågar eit skulekorps med gode resultater i konkurranser.

Stein overtok som dirigent i januar 2013. I tillegg til å dirigere skulemusikken har han utarbeida og satt opp fleire store musikalske Show. Ideen bak showa er å skapa samspel, speglede og musikk på tvers av generasjonar.

På alle "showa" er det over 50 lokale song og musikk krefter som deltar; vokalistar, band og korps, i alderen 8 til 60+

Første showet var 2 framføringer av "Abba show" i Hordabøhallen 13.03 og 14.03 2015.

På hausten 2015 satt Stein Paulsen opp eit show som han kalla " Ein hyllest til livet og kjærleiken". Det vart framført på Skogen Sletta Samfunnhus 03.10.15 og på kulturdagane i Radøyhallen 15.04.16.

22.10 og 23.10 2016 Arrangerte Stein Paulsen showet "Dansegalla" på Skogen Sletta Samfunnhus. Neste show gjekk avstabelen 26.03.17 og 29.10.17 "A night At the Opera" i Hordabøhallen.

24.04.18 Skogen Sletta Samfunnhus showet "Nors på Norsk", også framført 21.10.18 i Hordabøhallen.

06.04.19 "Abba retro show" vart framført ifb med Hordabø skulemusikklag sitt 50årsjubileum..

Denne sesongen til skulemusikken er Stein Paulsen i fullgang med korpset å lager gospel konsertar i alle kyrkjene på Radøy. Den første var i Hordabøkyrkje 20.10.19 med full suksess. Den neste vert i Emigrant kyrkja på Sletta 8.desember. Og det er planlagt gospelkomnsert i Manger kyrkja i januar og Sæbø kyrkje i mars 2020.

Desse showa har krevd både mykje planlegging og øvingstid for vår dirigent, og dette arbeidet er gjort på dugnad. Showa er populære og skapar glede og aktivitet i bygda.

Stein Paulen fortjener frivillighetsprisen for sitt årelange arbeid og engasjement med og rundt Hordabø skulekorps og det livet som skapast i bygdene våre pga dette.

Med vennleg helsing

Hordabø skulemusikklag

Sendt fra min iPhone